



330.00

Barne- og familiedepartementet  
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

200904169

- 395

Vår ref  
04/01246-012Saksbeh  
MBArk.  
A10 &00

Dykkar ref.

Dato  
10.01.2005**HØYRINGSUTTALE FRÅ SULA KOMMUNE - NY BARNEHAGELOV**

Vi har mottatt notat med framlegg til ny barnehagelov. Sula kommune sendte notatet til høyring ved dei kommunale og private barnehagane. I denne uttalen har vi laga ei samanfating av kommentarane frå dei forskjellige barnehagane.

Kommentarane er ordna etter:

**Kapittel I. Barnehagens formål og innhold****”§2. Barnehagens innhald”**

Lovteksten må vere klar på at barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd. Innhaldet i barnehagen bør gå fram i ein utdjupande og grundig Rammeplan for barnehagar.

§2 bør stå i forhold til nye §18.

3 barnehagar står bak denne uttalen:

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	1
Personale	3

**Kapittel II Barns og foreldres medvirkning.****”§3. Barnehagens utforming”**

Vi meiner det er bra at barn i barnehagen skal ha rett til å uttale seg om sitt syn på barnehagen. Men vi vil påpeike at det er svært viktig å ha lovfesta at barnehagen skal ha lokale og uteområde som er eigna for formålet.

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	2
Personale	3

**”§3. Barnehagens utforming”**

Nytt utkast til lov ”§3 Barns rett til medvirkning” bør ikkje erstatte §3 Barnehagens utforming, men kome som eigen §.

1 barnehage står bak denne uttalen:

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	
Personale	1

#### **”§4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg”**

Teksten; ”Med utgangspunkt i rammeplanen for barnehagen skal samarbeidsutvalet for kvar barnehage sette ein årsplan for den pedagogiske verksemda” bør stå i denne §4.

1 barnehage står bak denne uttalen:

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	
Personale	1

### **Kapittel III Ansvar og myndighet**

#### **”§7. Kommunens ansvar”**

Barnehagane i Sula meiner at det er behov for å tydeleggjere kommunen sitt ansvar som barnehagemyndighet.

Forslaget drøfter ikkje barnehagemyndigheita sitt faglege ansvar for kompetanseutvikling og kvalitetsutvikling. Rammeplanen er ikkje nemnd. Lova sitt første ledd må vere med vidare; ”Kommunen har ansvar for utbygging og drift av barnehager i kommunen”. Kontroll med økonomien, sikre at tilskota går uavkorta til barnas beste. Det bør finnast barnehagefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen.

1 barnehage står bak denne uttalen:

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	
Personale	1

#### **”§9. Fylkesmannens ansvar”**

Støtter forslaget om at fylkesmannen skal føre tilsyn med korleis kommunane fører tilsyn med den einskilde barnehage.

1 barnehage står bak denne uttalen:

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	
Personale	1

### **Kapittel IV. Barnehagemyndighetens generelle oppgaver**

#### **”§10. Godkjenning”**

§10 vedrørende godkjenning har ein diffus lovtekst, med store mulegheiter for tolking. Leike- og opphaldsarealet må stå som før. Vi veit at kommuneøkonomien er pressa og vi veit at kommunane gjer alt for å spare pengar. Dersom lovteksten blir uklar, kan politikarane med lova i hand, bestemme kva som skal gjelde – med det resultat at det blir sett i verk tiltak som går på kostnad av kvalitet: Fleire barn på kvar avdeling, færre tilsette og fleire av dei manglar formell utdanning/kompetanse:

6 barnehagar står bak denne uttalen:

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	6
Personale	4

### **”§11. Kontantstøtte – barnehageeigars opplysningsplikt.**

Vi meiner at forslaget har manglar:

- Krav i forhold til barnehagen sitt mandat og det faglege innhaldet manglar.
- Å føre register over kva barn som nyttar barnehagen, bør vere ein del av tenestedata og ikkje knyttast opp mot bestemmingar om kontantstøtte.
- Vi går imot at bestemminga om at barnehagen sine vedtekter skal framleggast ved godkjenning, skal fjernast.

### **”§13. Prioritet ved opptak”**

Det er positivt at definisjonen ”barn med funksjonshemming” i noverande barnehagelov vert utvida til ”barn med nedsett funksjonsevne”. Barn med generelt forseinka utvikling, adferdsproblem og liknande blir sikra prioritet ved opptak.

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	1
Personale	

Legg vekt på at barn med ulike særskilde behov skal få den oppfølging og støtte dei har behov for.

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre	4
Personale	1

### **Andre uttalar om §13:**

- Setninga i tidlegare §9 bør stå som før (1 barnehage).
- §13 tek for lite omsyn til vurdering av at det funksjonshemma barnet skal ha nytte av opphaldet i barnehagen (1 barnehage)
- Barn med spesielle behov må ivaretakast med ekstra ressursar. Er det ikkje lovfesta, blir det ikkje sett inn ekstra støtte til desse barna og då vil både desse barna og andre barn lide under dette. (1 barnehage)

1 barnehage står bak denne uttalen:

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	
Personale	1

## **Kapittel IV. Personalet**

### **”§18. Ledelse”**

Barnehagane i Sula kommune meiner at førskulelærarar har den beste fagutdanninga til vere leiingar for barnehagar. Vidareføring av dagens utdanningskrav

7 barnehagar står bak denne uttalen:

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	7
Personale	4

Støttar alternativ B om vidareføring av utdanningskravet:

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	1
Personale	1

Ein barnehage støttar alternativ B , men andre setninga må vere slik:

”Barnehagen skal ha ein dagleg leiar som har utdanning som førskulelærer.

### **”§19. Barnehagens øvrige personale”**

Barnehagane i kommunen meiner at barnehagane skal ha pedagogisk utdanna personale (førskulelærarar).

Personaltettleik som no. Må vidareførast i forskrift.

Alternativ A vert støtta slik:


Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	
Personale	6


Alternativ B vert støtta slik:

Barnehagane i kommunen meiner at barnehagane skal ha pedagogisk utdanna personale. Som no, men med auka pedagogtettleik.

Fordeling	Antal barnehagar
Foreldre/personale	5
Personale	6

Med helsing

  
 Mariann Båtnes  
 Barnehagekonsulent

  
 Karin Håvik Eide  
 pedagogisk rettleiar

Vedlegg: 9